



Ann Norunn Marholm
Åråsvågmyra 5
5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.: Vår ref.: Dato:
23/67 - 35 / ATV 14.08.2023

Svar - parkeringsplassar Mastrevik Torg

Viser til Dykkar skriv.

Parkeringsplassane du viser til sørvest for senteret, inngår i leigekontrakten mellom kommunen og eigar av Mastrevik torg for lokalet som husar fysioterapi. Det er såleis ikkje slik at kommunen betalar ekstra for desse plassane. Skiltinga av kommunale plassar vart flytta for nokre veker sidan, då det vart oppdaga at nokre av butikkane i senteret hadde sett opp sine eigne skilt for å reservera plassar som inngår i dei kommunen har rett på.

Plassane inntil veggen nærmast lokalet for fysioterapi inngår også i avtalen, og vil med det første bli merka med reservert for brukarane av denne tenesta. Kommunen disponera vidare plassar på austsida av senteret mot hovudinngang. Desse er tilgjengeleg for alle, og vert ikkje nytta av tilsette.

Det er riktig at kommunen har eit samarbeid med eigar om drift av uteareala. Dette skuldast mellom anna at kommune eig ein liten del av arealet, og at vi har montert ladestolpar for el-bilar i austre enden.

Generelt kan eg sei at kommunen ønskjer å samarbeida med næringslivet på Mastrevik torg på lik linje med anna næringsliv i kommunen.

Plassen ved brannstasjonen det vert vist til, er eigd av Austrheim kommune. Unnataket er nokre få meter mot sør som er eigd av Fosnøy bilsenter. Det er riktig at det eksisterer ein leigeavtale for denne delen av plassen.

Med helsing

Atle Vaage
leiar teknisk drift



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Bjørnar Fjellhaug

Mottakere:

Ann Norunn Marholm

Åråsvågmyra 5

5943

AUSTRHEIM